

debatt

Tips oss: tlf. 70 01 85 00 e-post redaksjon@vikebladet.no Les oss på vikebladet.no

Debattinnlegga står for innsendaren sine synspunkt.

Send helst innlegga som e-post:
redaksjon@vikebladet.no

All utgjeving skjer i samsvar med publiseringsvilkåra til Vikebladet Vestposten. Avisa har rett til å arkivere og utgje i elektronisk form alt som er publisert i Vikebladet Vestposten.

Debattinnlegga skal ikkje overskride 5000 tegn. Redaksjonen tek seg retten til å korte ned.

• Svar til aksjonsgruppa

Flø som turistfyrtårn gir full fyr



FLØ

ELDAR STEIN FLØ

Dagleg leiar på Flø Feriesenter, og litt privat

Ei underskriftskampanje har vore i sving i bygda vår og visstnok også andre bygder, for å protestere mot forslaget der Flø skal vere fyrtårn for turisme i vår kommune.

Flø Feriesenter er den einaste bedrifta som driv med turisme på Flø, og etter 30 års drift utan forandring har vi no ein sjanse – saman med nye lokale medeigarar – å utvikle bedrifta vår vidare. Vi har gjennom desse åra brukt fleire hundre tusen kroner på aktiv marknadsføring for å få gjestar hit – og dermed sjølvsagt auka trafikk.

I underskriftskampanjen står det: «Vi meiner at trafikkbelastninga alt i dag er for høg i Fløvegen og ein trafikkauke vil vere direkte farleg.» Dette er ikkje akkurat noko som støttar opp under vår verksemd, men i staden riv ned det vi driv med og prøver å vidareutvikle.

Dei damene som ville ha mi underskrift kommenterte, då eg påpeika dette, at ingen av dei hadde noko imot Feriesenteret. Eg trur dei på det. Men ordlyden i oppropet er likevel klar. 1500 bilar køyrer ikkje til Flø kvar dag slik ein får inntrykk av i oppropet. Ein kort telefon til vegvesenet og svaret var at trafikk-teljinga i 2016 vart gjort på Skeide sør for småbåthama. Då har vi altså heile Ulstein og i tillegg stor trafikk mot Ulsteindalen (der det føregjekk ei større utbygging) med i teljinga - men talet kan nok ligg over halvparten av 1500. Eg kan gjerne vere



FLØ: Eldar Stein Flø ønskjer alle velkomne til Flø. Her er han i full sving med å køyre born på traktor under Go with the Flø. Arkivfoto

med på ei trafikk-teljing, vel tid og stad, og eg møter opp. Viss eg tek feil skal eg bite i meg kvart ord eg har sagt og skrive om trafikken til Flø.

Det vert også i oppropet peika på ein farleg skuleveg. Alle på Flø vert frakta med buss til og frå skulen og forhåpentlegvis på ein sikker måte. Men Ulstein og Skeide har berre delvis fått gangveg. Her kan nok aksjonsgruppa ha rett.

Berit Roppen ordla seg slik på open talarstol i kommunestyret i samband med røysting over «Strateginotat for ein reiselivsplan for Ulstein Kommune»: «Skal vi velje mellom ei levande bygd eller skal vi vere ein rekreasjonsstad for turistar og byfolk?» Vi i Flø Feriesenter får stadig lovord om den fine og velstelte bygda vår. Dei som vel å kome til ein utkant som vår gjer det for å finne ein roleg

stad og dei fleste er over gjennomsnittet interesserte i natur- og miljøvern. Dei kjem hit år etter år fordi det er så roleg her. I løpet av 30 år har vi ikkje fått klager frå bygda - bortsett frå at vi har måtta snakke til nokre engelske steinleggarar for fartsbruk. Tusenvis av norske gardsbruk driv også med turisme av ulikt slag og enkelte tener like mykje på turisme som på garden elles. Her er mulegheiter for å skape ei enda meir levande bygd.

I eit innlegg i Vikebladet 16. mars viser Bjørn Egil Flø til kva som har skjedd i Lofoten og med masseturisme der. Eg spør heller; kva som hadde skjedd viss dei ikkje hadde satsa på turisme etter at fiskemottak var lagde ned, fisken eksportert til utlandet for å foredlast og sjøbuder stod i ferd med å dette ned. Men vesle Flø skal, kan og vil aldri verte noko Lofoten,

Geiranger eller Flåm. Det forstår alle som veit litt om kva reiseliv er. Flø skal framleis vere ei roleg, stille og levande bygd.

●● La oss snu oppropet til noko vi vil- og ikkje berre til det vi ikkje vil.

Alt i alt verkar dette oppropet som syting over mange ting. La vi heller kome med forslag om kva som kan gjerast for å betre trafikkforholda: kanskje fleire parkeringsplassar i Fløstranda og ikkje minst ein gangveg langs fylkesvegen. «Larsvegen» bør forlengast heilt ut til Ytreflø, men vi treng ikkje ein brei brøytbar gangveg. La oss snu oppropet til noko vi vil- og ikkje berre til det vi ikkje vil. Eit slikt

opprop skriv eg gjerne under på.

La vi gjerne sløyfe alt som samanliknar oss med Lofoten. Og fyrtårn— la vi vere med å påvirke positivt, for enno har det ikkje noko innhald. Eg trur at kommunestyret vil lose denne saka godt i hamn på rett sektor i fyrtårnet. Dei fleste parti har vel ikkje noko imot næringsutvikling i utkantane.

Vi får håpe at denne underskriftsaksjonen ikkje har skremt folk frå å kome til Vonheim og ete seg stappmette på den fantastiske jonsok-grauten og dei heimelaga nydelege kakene. Vi får også håpe at kjekke miljøbesvister turistar fyller opp ved Flø Feriesenter også i år også. Det skaper nok ein del trafikk, men: Dei skal vere hjertleg velkomne.